



Statusrapport berekraft 2018 – 2020


LINGALAKS

LINGA
LAKS



SALMON GROUP

Forsidefoto: Kristine Moldenhauer Biseth
Utarbeidet og utgitt av: Salmon Group AS ©
Bergen, 20.10.2021



VI ER EIN DEL
AV
SALMON GROUP

FULL EKSPONERING - TIL ALLMENN NYTTE	8
METODISK RAMMEVERK - EIT MODNINGSARBEID	10
Kva omfattar rapportering av status?	11
Korleis berekne eit miljøavtrykk?	12
Ei lang kjede av samanhengar	12
Kor stort miljøavtrykk har produksjon av laks og aure?	13
SUNN RESSURS- FORVALTNING OG TRANSPARENT PROSESSAR	18
Om Lingalaks	19
STATUS	
2018	20
2019	22
2020	24
MILJØ	26
Strategi for innkjøp	26
Dyrevelferd	28
Utviklingsprosjekt og teknologiutvikling	28
Fôr – det viktigaste	29
SAMFUNN	30
Arbeidsplassen, etikk og anti-korrupsjonsarbeid	30
Miljø og nærmiljø	31
ØKONOMI	32
Respekt for havet, menneska og miljøet	33
AVSLUTNING	34

Del 1 Innleiing



Full eksponering – til allmenn nytte

Då Salmon Group i 2017 starta det systematiske arbeidet med berekraft i oppdrett av laks og aure, var det overordna målet å aktivt bidra til ei utvikling av næringa i ein meir berekraftig retning. Det blei tidleg klart at dette arbeidet ikkje ville komme oppdrettarane til gode åleine. Minst like viktig har det vore å kunne bidra til å gje ein betydeleg gevinst langt ut over eiga næring, og slik bidra til å styrke og lyfte eiga næringa inn i neste generasjon oppdrett.

Tanken om heilheita, det holistiske perspektivet, er vesentleg inn i dette arbeidet, og krev både kunnskap og samarbeid på tvers for å kunne skape naudsynete endringar, på tvers. Alle næringar må forhalda seg til toleransegrenser og jorda si kapasitet, som allereie er overstige, og krev ein ansvarleg ressursforvaltning som hovudfokus for ein kvar aktivitet knytt til drift og produksjon. Dette er ein global dugnad, og for å lykkast, krevst det felles forståing, felles kunnskap og samarbeid på tvers av disipliner og geografi. Alle deler og alle nyanser må sjåast i samanheng.

I 2018 lanserte Salmon Group forstudien

Bærekraftig oppdrett av laks og ørret – Hva er det? (2018) om berekraft i havbruk, som peiker på mange av dei utfordringar som representerer både begrensingar og handlingsrom for framtida. Mangel på den rette kunnskap og lågt medvit til dei utfordringar verden i dag står overfor for å oppnå berekraft, representerer kanskje den høgaste terskelen for å oppnå nettopp berekraft.

Med oppdatert kunnskap, kvalitet i kunnskapen og ein endring i *mindset*, kan ein derimot oppnå mykje med relativt enkle grep.

Som ein direkte effekt av kunnskapen frå studien, har Salmon Group mellom anna vorte i stand til å gjere ein rekkje konkrete endringar med fiskeføret, som åleine representerer opp-til meir enn 90 pst. av karbonfotavtrykket i oppdrettsnæringa sett under eitt. Med denne kunnskapen var det aldri tvil om kvar ein skulle setje hovudfokus i vidare arbeid. Fisk som fôrast med Salmon Group sitt eige fôr har sidan 2019 fått ei justert diett og føret har vore gjennom ei rekkje avvegingar som og har vurdert indirekte påverknad bakover i verdikjeda. Som eit resultat har SG-føret i dag eit

dokumentert 50 pst. lågare karbonfotavtrykk samanlikna med standardføret i næringa.

Salmon Group har i meir enn fjorten år hatt si eiga fôrresept, som ikkje berre sikrar at kvaliteten på føret lever opp til forventningar og behov hos fisken, hos folk som spisar fisken og miljøet som fisken veks opp i. Det gjer oss og eit viktig handlingsrom, der vi stillar krav og bidrar til utvikling av dei kringliggjande faktorene inn i fôrproduksjon. Målet er ei tvers igjennom transparent og profesjonell næring i alle ledd, der kontroll, sikkerheit og sporbarhet står i fokus.

Med berekraft som eit nytt, retningsgjevande måleparameter må ein kontinuerleg gjere desse vurderingane i eit heilhetleg perspektiv og fange opp alle dei direkte og indirekte bidraga som kan påverke graden av berekraft innanfor dei tre dimensjonane av sosial, miljømessig og økonomisk berekraft.

Dermed stillast det krav til at ein har eit sterkt medvit kring det at nokre tiltak kan auke avtrykket, medan andre kan bidra til å senka det. Ikkje minst må ein vere særleg obs på dei tiltaka som ikkje direkte inngår i eiga produksjon, og som ein ikkje har eit direkte ansvar for. Ein har like fullt eit ansvar til å gjere gode vurderingar av andre- og tredjepartar, og med ny openheitslov på trappene, vert trykket på slike samanhengar i verdikjeda ytterlegare forsterka framover. Dersom ein av dine tredjepart-leverandør har dårlege arbeidsvilkår for sine arbeidrarar, vil dette direkte påverke di eiga verksemd si berekraftscore.

Salmon Group sitt arbeid med statusrapportering på «gardsnivå» er meint å vere eit verktøy for oppdrettarane til å betre forstå trendar i utviklinga i eige produksjon. Gjennom dokumentasjon av status og over tid vil ein

verte i stand til å sjå samhengane mellom auka kunnskap, iverksette tiltak og effekten av tiltaka. Dette ligg til grunn for Salmon Group sitt arbeid med utvikling av metodeverket, som gjev eit statusbilete av situasjonen her og no.

Metoden er utvikla over fleire år i tett samarbeid med fagekspertise på LCA-metodikk og dannar grunnlag for metodeverket som er nytta i statusrapportering i piloteringsfasen. Denne fasen har vore mogleg med innspel og innsats frå mellom anna Lingalaks, oppdrettar og eigar i Salmon Group, som med si særleg framoverretta haldning til utvikling av næringa, har vore ei viktig partner å sparre med. Selskapet har gjennom tre heile år systematisk henta inn og dokumentert opplysningar om eiga drift som har vore verdifull innsats for å kome dit vi er i dag. Det har og vore ei viktig reise for Lingalaks, som har vorte i stand til å ta fleire kunnskapsbaserte avgjerder som dei no ser effekten av.

Arbeidet med en metode for å rapportere status har vore og vil vere et modningsarbeid som held frem over tid. Næringa er relativt ung, og kunnskapstifanget vil heile tida utviklast til det beste for utviklinga av næringa. Rapporteringsmetoden vil skalerast tilsvarende og krev ei ærleg og vaken haldning til erfaringar, kunnskap og teori som kontinuerleg må oppdaterast. Samstundes må næringa ta tak i dei utfordringane ein ser framfor seg, både dei nære og dei som krev eit meir langsiktig blikk, og sørge for at tiltak vert iverksett på grunnlag av kunnskap og dokumentert effekt.

Slik evnar ein endre åtfærd slik at ein faktisk driv med berekraft i praksis.

*Salmon Group,
oktober 2021*

Metodisk rammeverk – Eit modningsarbeid



Foto: Kristine Moldenhauer Biseth

LCA er ein omfattande og komplisert analysemetode som er i stadig utvikling. Etterspurnad etter dokumentasjon som synar Carbon Footprint på det ein produserer har av fleire gode grunnar vorte stort. Ein ser og tilsvarande stort tilbod frå leverandørar av slike analysar, utan eit standard rapporteringssystem eller etablerte krav til rapportering. Fagmiljøa innan LCA jobbar kontinuerleg for ein meir standardisert og påliteleg metode. Datagrunnlaget som underbyggjer ein analyse må difor være så robust og nøyaktig som mogleg.

Som ein konsekvens, kjem det nye verktøy og databasar innan LCA-analyse som mogleggjer ein vesentleg oppgradering i presisjon. I november 2020 vart Global Feed LCA Institute (GFLI) sin database lansert. GFLI representerer den største og meist avanserte databasen for fôrråvarer nokon sinne. Saman med EU PEF bevegelsen, dannar denne databasen grunnlaget for samanliknbare

karbonavtrykksanalysar mellom sjømatprodukt og andre matprodukt. Vi er ikkje heilt i mål med dette arbeidet, då EU PEF PCR for sjømat fortsett er under utvikling, men dette er sterkt ønsket av sjømatbransjen.

BioMar, som vår underleverandør i dette arbeidet, har valt å utføre årets LCA-analyse med GFLI-databasen for fyrste gong. For å få tilgang til GFLI databasen, har BioMar utført analysen med den anerkjente LCA-programvara SimaPro. Dette er same verktøyet som er nytta i Sintef rapporten *Greenhouse gas emissions of Norwegian seafood products in 2017*¹ for å modellere karbonavtrykket til norske sjømatprodukt.

I praksis inneber dette at datagrunnlaget for 2020 er forskjellig frå 2018 og 2019. Som ein

¹ https://www.sintef.no/contentassets/25338e561f1a4270a-59ce25bcbc926a2/report-carbon-footprint-norwegian-sea-food-products-2017_final_Q40620.pdf/

konsekvens vert CO₂-ekvivalent (CO₂-eq) per kilo fisk i 2020 ikkje direkte samanliknbart med resultat frå 2018 og 2019. Vi har derfor tatt initiativ til at 2018 og 2019 rekalkulerast med nytt verktøy, slik at samanliknbarheit er mogleg å oppnå. Rekalkulert status for 2018 og 2019, med nytt verktøy, er dermed tatt med i denne rapporten og inkluderer i eige avsnitt dei tre åra som hittil er dokumentert, og sikrar slik ei fortsett moglegheit for å samanlikne og analysera trendar år for år.

For framtida vil vi anbefale at det vert produsert ein skriftleg rapport som skal gjelde for bedrifta si strategiperiode, med årleg oppdatering av indikatorar og resultat. Ved enden av perioden må det sikrast at alt talmateriale gjennomgår ein analyse for alle år med same verktøy. Då sikrar ein samanliknbarheit i ein trendanalyse over tid og for ein strategiperiode i sin heilheit.

KVA OMFATTAR RAPPORTERING AV STATUS?

Denne rapporten er utarbeida av Salmon Group AS. LCA-analysen baserer seg på ein rapport som er utført av BioMar si bærekraftavdeling ved Sustainability Specialist Erik Olav Gracey. Det er nytta datamateriale frå Lingalaks og verksemda sine leverandørar. Dette inkluderer og Næringslivet si Hovudorganisasjon si teneste for berekning av samfunnsbidrag, som er nytta for å rekne ut Lingalaks sitt bidrag til fellesskapet.

Alle data er kvantifisert og analysert, og blir presentert som indikatorar på verksemda sine resultat i tre hovudsegment: miljø, samfunn og økonomi.

Statusrapporten si tilnærming til miljømessig berekraft byggjer på LCA-metodikken. Life-Cycle Assessment (LCA) – livsløpsanalyse – er ein metode som vurderer miljøbelastningar knytt til alle stadia i livet til eit produkt, frå

utvinning av råstoff, transport, foredling, produksjon, distribusjon, bruk, reparasjon og vedlikehald til avhending eller gjenvinning. Målet med LCA er å samanlikne heile spekteret av miljøeffektar ein kan knytte til produkt og tenester ved å kvantifisere alle inngangar og utgangar av material og energi-straumar og vurdere korleis desse påverkar miljøet. Ein nyttar denne informasjonen til å betre prosessar, støtte retningslinjer og gje eit forsvarleg grunnlag for gode slutningar.

Lingalaks ynskjer å dokumentere status for alle operasjonar i produksjonen. På dette høvet kan verksemda rapportere status for i kor stor grad produksjonen etterlet avtrykk på miljøet.

Lingalaks setter inn ei rekkje tiltak for å utvikle verksemda og redusere miljøavtrykket.

Indikatorane syner berekraftscoren eller -resultatet til verksemda gjennom året innanfor dei tre segmenta, og syner status for arbeidet med å oppnå stadig betre resultat. Lingalaks har som mål å drive oppdrett av laks og aure på ein slik måte at verksemda ikkje belastar ressursane på jorda utover berevne. Dette er i tråd med FN sine mål for berekraft og retningsgjevande for den framtidige utviklinga til selskapet. Dette samsvarer og med Salmon Group si vekt på å oppnå berekraftig oppdrett av laks og aure for heile næringa.

KORLEIS BEREKNE EIT MILJØAVTRYKK?

Statusrapporten nyttar karbonfotavtrykk som indikator for miljøpåverknad. Dette er ein blant fleire miljøindikatorar som uttrykker miljøeffekten av bedrifta sitt virke. Den presenterast som regel som ein eller fleire indikatorar som målar verknaden av menneskeleg aktivitet innanfor ein kategori av negativ miljøeffekt, til dømes klima, vann eller habitat/arealavtrykk.

Den mest relevante og mest omtala indikatoren for miljøavtrykk er karbonfotavtrykket, som er valt som indikator for miljømessig berekraft i denne rapporten. Sjølv om karbonfotavtrykk ikkje dekkjer heile spekteret av

påverknad frå verksemda, er dette utgangspunktet valt då det baserer seg på ein standardisert metodikk for berekning av miljøavtrykk for dette formålet.

Å uttrykkje fotavtrykket i CO₂-ekvivalenter er i dag etablert over heila verda som ein kjent eining som tar opp i seg mange og til dels komplekse forhold. Når dette vert presentert som eit aggregert tal, bidreg dette til å bryte ned kompleksiteten og gje auka forståing av indikatorar og avstand til tolegrensar. Status for ei verksemd sitt karbonfotavtrykk er ei god kjelde til å sjå samanhengar og i sin tur kunne samanlikne miljøprestasjon.

Målet med LCA-studien av Lingalaks er å berekne karbonfotavtrykket til eitt kilo levande, slakteklar laks eller aure, basert på verksemda sine produksjonstal og ein vekta fôrresept for dei tre rapporteringsåra 2018–2020. Systemgrensa for studien er avgrensa til å gjelde frå transport av smolt til ferdig, slakteklar fisk i ein fiktiv ventemerd/brønnbåt utanfor slakteriet. Analysen inkluderer ikkje infrastruktur, men råvareproduksjon for fôr, råvaretransport, fôrproduksjon, all form for logistikk, transport og prosesskemikaliar er med. Ingen prosessar knytt til smoltproduksjon er tatt med i denne studien.

EI LANG KJEDE AV SAMANHENGAR

For å få eit heilskapleg bilete av karbonfotavtrykk i heile livsløpet til ein oppdretta fisk, vil det i samsvar med blokkjedetenking vere riktig å innhente tilsvarande tal frå smoltleverandør. Dersom ein føyer til smoltfasen til Lingalaks sitt karbonfotavtrykk per kilo produsert laks eller aure, får ein avtrykket gjennom ei enno lengre del av livsløpet, frå smolt til slakteklar fisk. Slik kan ein leggje til kvar blokk i ei næringskjede for å synleggjere avtrykket for kvar blokk.

Dette bidreg til auka kunnskap om korleis ulike innsatsfaktorar i ein produksjon av nær sagt kva produkt som helst kan isolerast til og utviklast innanfor kvar blokk. Dermed oppnår ein i tillegg auka merksemd på ansvarleggjering

og samfunnsansvar, og perspektiva innanfor berekraft bør vere førande for korleis ein utviklar kvar blokk. Ein kan og nytte datasett frå FHF Sluttrapport 901442 til å lage ein berekning av smoltfasen som ein generisk prosess.

Forbruk av fossilt brensel som diesel, LNG, og bensin frå oppdrettsfasen er inkludert i studiet. Dette omfattar samla forbruk av diesel frå brønnbåtar, fôr båtar og servicebåtar til utsett, fôring, drift, avlusing og slakt, samt energiforbruk på land. Samla bruk av elektrisitet inkluderer drift på anlegg og fôrflåten.

Studien munnar ut i eit resultat som plasserer Lingalaks på ein resultatskala for kvart av dei tre hovudsegmenta: miljø, samfunn og økonomisk berekraft. Basert på dette er det mogeleg å illustrere selskapet sitt resultat som kilo CO₂-ekvivalenatar (CO₂-eq) per kilo produsert fisk, samfunnsbidrag i kroner per kilo fisk og den økonomiske berekrafta per kilo produsert fisk.


Alle relevante data for berekning av CO₂-avtrykket gjennom heile verdikjeda fram til ferdig produsert og levert fisk, inngår i analysen. Tidelegare analysar for Lingalaks

har vorte utført med BASF-verktøyet Eco-Efficiency Manager™ (EEM), medan ein frå 2020 har teke i bruk eit meir presist analyseverktøy som også har vorte bransjestandard og er mellom anna også nytta i Sintef-studien (2017, oppdatert 2020).

KOR STORT MILJØAVTRYKK HAR PRODUKSJON AV LAKS OG AURE?

Karbonfotavtrykket til Lingalaks si produksjon for eitt kilo slakteklar laks i 2020 er 2,75 kilo CO₂-eq. Resultatet er ein nedgang frå 2019 men ligg stadig mykje lågare enn benchmarken for norsk produksjon av laks synar (Sintef 2017/2020). Her går det fram at avtrykket til norsk laks er estimert til 5,8 kilo CO₂-eq per kilo slakteklar fisk.

I samsvar med andre LCA-studiar er prosessar knytt til fôrproduksjon den største bidragsytaren til karbonfotavtrykket. Samanliknar ein med føregåande år, ser ein ei positiv utvikling hos Lingalaks for produksjonsfasen i sjø, der den del som utgjer karbonfotavtrykket i fisken si oppvekstfase er redusert frå 15% til 12%.




↑ FIGUR 1: Prosentfordeling mellom fôrproduksjon og dei andre faktorane som bidreg til karbonfotavtrykket til fisk i oppvekstfasen, altså sjølv produksjonsfasen i sjø. Figuren synar at Lingalaks si produksjon av fisk i 2020 gav ei fordeling der 88 % av karbonfotavtrykket er knytt til føret, medan berre 12 % til saman utgjerast av andre faktorar. Samanliknar ein med føregåande år, ser ein ei positiv utvikling hos Lingalaks for produksjonsfasen i sjø, der den del som utgjer karbonfotavtrykket er redusert frå 15% til 12%.

Laksen er ein predator og treng høge mengder protein og feitt i resepten for riktig fiskeernæring. Innhaldet av marine ingrediensar i laksefôr har jamt over gått stadig ned dei siste to tiåra, grunna økt etterspørjing og uro for helsa til globale fiskebestandar. Plante-proteiner har erstatta marint protein i høg grad, og innanfor denne råvarekategorien er soya frå Sør-Amerika Noreg si viktigaste kjelde til både jordbruk og havbruk. Mykje arbeid er på gong for å redusere miljøpåverknaden av vegetabiliske fôravlingar, men som regel har landproteiner ein høgare ressursintensitet enn marint protein. Dette er særleg merkbart når avlinga krev mykje areal frå høgproduktive områder, som til dømes ekvatorial Sør-Amerika, Asia og Afrika.

I desse områda vert «karbontapet» som følgje av avskoging eller arealkonvertering ein betydeleg faktor.

Prosessane knytt til Lingalaks si fiskeproduksjon bidreg med 0,33 CO₂-eq, og utgjer om lag tolv prosent av karbonfotavtrykket. Fôr utgjer med det om lag 88 %. Lingalaks gjer ei rekkje tiltak for å redusere miljøavtrykket av si produksjon, og dette speglast i dette relativt låge bidraget til karbonfotavtrykket.

Lingalaks har gjennom mange år hatt ei bevisst tilnærming til faktorar som påverkar deira produksjon negativt, og jobbar strategisk og systematisk med å betre desse forholda for å oppnå ei meir berekraftig produksjon.



↑ FIGUR 2: Oversikt over dei bidraga som i styrst grad påverkar fotavtrykket i åra 2018 til 2020



Del 2 Status

Sunn ressursforvaltning og transparente prosessar

Dette er tredje gangen Lingalaks får laga ein statusrapport om berekraft og selskapet har vore sterkt engasjert i arbeidet med statusrapportering, leda av Salmon Group. Denne rapportmalen er eit viktig bidrag i arbeidet med å utvikle målbare og dokumenterbare indikatorar med mål om å oppnå ein bevisstheit og kunnskap om berekraft og danne grunnlag for korleis ein kan oppnå lågast mogleg negativt fotavtrykk for sin produksjon. Dette arbeidet går ikkje ut over fiska si helse og ernæring, miljø eller kvalitet på sluttproduktet. Snarare tvert imot.

Metodeverket har sidan 2018-rapporten vorte utvikla og vesentleg forbetra. Det er no mogleg å rapportere på eit meir presist nivå enn tidlegare og det er gjort naudsynte finjusteringar for å rapportere så presist og konsekvent som mogleg. Som resultat ser ein at Lingalaks presterer i dag med eit svært lågt fotavtrykk.

Med dette viser selskapet at det arbeider systematisk med dei utfordringar som næringa står overfor for å endre seg i retning av et meir berekraftig havbruk. Selskapet har god oversikt over og synar at det har gode

rutinar i verksemda med tanke på innsamling og systematisering av data til bruk i analysar og rapportering.

Alle faktorar knyta til hausting og foredling av råvarer til fôr, nærings- og energiutnytting, logistikk- og transportsystem kan ein utfordra i langt større grad enn i dag. Selskapet er medeigar i Salmon Group og er blant oppdrettarane som globalt står i fremste rekke og stiller strenge krav til fôret.

Verksemda søker heile tida å optimalisere dette for å sikre ressursbalanse, fiskevelferd og sunn og god mat. Med denne rapporten viser Lingalaks sitt konkrete arbeid med problemstillingane knytt til berekraft, og vilje og handlekraft til å bidra positivt i arbeidet med forvaltinga av oppdrett og havbruk framover.

Selskapet står fram som ope og transparent og delar kunnskap til felles nytte i næringa. Deira overordna strategi er dermed ytterlegare forsterka når det gjeld berekraft.



OM LINGALAKS

Lingalaks er eit havbruksselskap som driv matfiskproduksjon av laks og aure. Selskapet har sin produksjon i kommunane Kvam, Kvinnherad og Radøy i Vestland Fylkje. Selskapet har ni konsesjonar og to visningskonsesjonar fordelt på totalt 16 lokalitetar. Seks av konsesjonane er knytt til produksjonsområde 3 (PO3) og tre konsesjonar er knytt til PO4.

Dei to visningsanlegga ligg i Hardanger og på Radøy. Hovudkontoret ligg i Norheimsund. Lingalaks er medeigar i slakteriet Hardanger Fiskeforedling AS, og er medeigar i nettverket for små og mellomstore oppdrettarar, Salmon Group AS.

- Ni konsesjonar og to visningskonsesjonar fordelt på seksten lokalitetar
- Produserar om lag 13.000 tonn laks i året
- Sysselsettar 46,5 årsverk. Sysselsatte i 2020 73 personar

Lingalaks integrerer sine verdiar i alt sitt arbeid, og jobbar for at både produkter og arbeidsplasser er sikre og trygge, at fisken si helse, velferd og trivnad vert teken hand om på beste måte og at miljøet ikkje vert belasta unødig.



Status 2018



FAKTA: KG CO2 EKVIVALENT PER KILO PRODUSERT FISK

Lingalaks si miljøbelastning per kilo produsert laks og aure er 2,48 kilo CO₂-eq. Heile fisken er med i miljørekneskapen – frå han kjem inn til han forlét verksemda. Samanlikna med anna produksjon av proteinholdig mat er oppdrett av laks og aure blant dei næringane som belastar miljøet minst.




FAKTA: SAMFUNNSINDIKATOR I KRONER PER KILO PRODUSERT FISK

For kvar kilo laks Lingalaks produserer blir NOK 14,77 ført tilbake til samfunnet. Verksemda produserte i 2018 om lag 11.000 tonn laks og aure, og bidreg dermed til fellesskapet med NOK 162.5 millionar.



FAKTA: ØKONOMISK BEREKRAFT PER KILO PRODUSERT FISK

Lingalaks har eit resultatbidrag for 2018 på NOK 6,83 for kvar kilo fisk verksemda produserer.



FAKTA: BEREKRAFTSCORE FOR ÉIN SLAKTEKLAR FISK

For å berekne total berekraftscore for ein slakteklar fisk gangar ein fisken sin vekt med ein multiplikator. Ein slakteklar laks på 5 kilo vil til dømes gi eit CO₂-avtrykk på 12,4 kilo CO₂-eq. Det gir eit samfunnsbidrag på NOK 73,85 og eit resultatbidrag på NOK 34,15.

Status 2019



FAKTA: KG CO2 EKVIVALENT PER KILO PRODUSERT FISK

Lingalaks si miljøbelastning per kilo produsert laks og aure er 2,95 kilo CO₂-eq. Heile fisken er med i miljørekneskapen – frå han kjem inn til han forlét verksemda. Samanlikna med anna produksjon av proteinholdig mat er oppdrett av laks og aure blant dei næringane som belastar miljøet minst.




FAKTA: SAMFUNNSINDIKATOR I KRONER PER KILO PRODUSERT FISK

For kvar kilo laks Lingalaks produserer blir NOK 17,16 ført tilbake til samfunnet. Verksemda produserte i 2019 om lag 10.000 tonn laks og aure, og bidreg dermed til fellesskapet med NOK 172.500 millionar.



FAKTA: ØKONOMISK BEREKRAFT PER KILO PRODUSERT FISK

Lingalaks har eit resultatbidrag for 2019 på NOK 5,17 for kvar kilo fisk verksemda produserer.



FAKTA: BEREKRAFTSCORE FOR ÉIN SLAKTEKLAR FISK

For å berekne total berekraftscore for ein slakteklar fisk gangar ein fisken sin vekt med ein multiplikator. Ein slakteklar laks på 5 kilo vil til dømes gi eit CO₂-avtrykk på 14,75 kilo CO₂-eq. Det gir eit samfunnsbidrag på NOK 88,00 og eit resultatbidrag på NOK 25,85.

Status 2020



FAKTA: KG CO2 EKVIVALENT PER KILO PRODUSERT FISK

Lingalaks si miljøbelastning per kilo produsert laks og aure er 2,75 kilo CO₂-eq. Heile fisken er med i miljørekneskapen – frå han kjem inn som smolt (ungfisk), til han forlet verksemda som slakteklår fisk. Samanlikna med anna produksjon av proteinholdig mat er produksjon av laks og aure blant dei næringane som belastar miljøet minst.




FAKTA: SAMFUNNSINDIKATOR I KRONER PER KILO PRODUSERT FISK

For kvar kilo laks Lingalaks produserer blir NOK 10,12 ført tilbake til samfunnet. Verksemda produserte i 2020 vel 10.000 tonn laks og aure, og bidreg dermed til fellesskapet med NOK 110.500 millionar.



FAKTA: ØKONOMISK BEREKRAFT PER KILO PRODUSERT FISK

Lingalaks har eit resultatbidrag for 2020 på NOK -0,89 for kvar kilo fisk verksemda produserer.



FAKTA: BEREKRAFTSCORE FOR ÉIN SLAKTEKLAR FISK

For å berekne total berekraftscore for ein slakteklar fisk, gangar ein fisken sin vekt med ein multiplikator. Ein slakteklar laks på 5 kilo vil til dømes gi eit avtrykk på 13,75 kilo CO₂-eq. Det gir eit samfunnsbidrag på NOK 50,60 og eit resultatbidrag på NOK -4,45.

Miljø

Lingalaks har eit nært forhold til naturen og kystsona og har i meir enn førti år produsert laks og aure med omsyn til fisken si velferd og oppvekstvilkår, og med omsyn til omgjevnadene.

Selskapet gjer kontinuerlege justeringar i drifta og vilkår i produksjonen for å kome i møte dagens krav til eit berekraftig havbruk og forhold som påverkar jorda si tolegrensar. Selskapet er pådrivar for utvikling av næringa og tar aktivt del i forskning, utvikling og involvering som kan bidra til at både selskapet og næringa tek naudsynste steg i berekraftig retning. Lingalaks visar seg som eit selskap som er uredd og tør å prøve ut i praksis og å gå i front.

Omsyn til dyrevelferd, miljø og klima har høg prioritet og står i direkte forhold til aspekt som påverkar selskapet sin grad av berekraft. Det same gjer innkjøp, som er ein viktig arena for endring i berekraftig retning.

Lingalaks sin fisk er sertifisert gjennom Global G.A.P., som er ein internasjonal standard med eit heiskapeleg fokus og legg vekt på mattryggleik, miljøvern, fiskehelse og -velferd

og forhold kring menneska si helse, miljø og tryggleik (HMS). Standarden stillar høge krav til produsent, men og til leverandørar av rogn, smolt og fôr, som og må vere sertifisert gjennom Global G.A.P.

Lingalaks gjennomførte i 2019 ASC-sertifisering på ein av sine lokalitetar. ASC er ein global standard for berekraftig matproduksjon, som stiller ytterlegare krav til miljø, sosiale forhold for arbeidarane og til dyrevelferd.

Selskapet arbeidar dessutan kontinuerleg med krav til miljøsertifiserte produkt og moglegheita for å finne gode erstatningar for material, ressursar og prosessar som er minst mogleg belastande for helse og miljø. Ein er og bevisst levetid for material og søker livslaupstandard i den grad det er mogleg.

STRATEGI FOR INNKJØP

Lingalaks har eit sterkt fokus på å sikre etiske, transparente og sporbare prosessar og har berekraftig drift nedfelt i sin overordna strategi. Dette gjeld og for alle anskaffingar.



VI ER EIN DEL
AV
SALMON GROUP

Selskapet skal sikre at innsatsfaktorar inn i produksjonen held naudsynt kvalitet for å sikre ein sunn og frisk fisk med god tilvekst og overleving, den beste kvaliteten for sitt produkt og som samstundes sørger for minst mogleg miljøbelastning.

Selskapet har eit langsiktig fokus på forhold relatert til val av utstyr og material, levetid på utstyr, forbruk og utslepp. Dette påverkar driftsoperasjonar, som kontinuerleg gjer justeringar for å etterleve endringar frå myndigheiter, storsamfunnet, og marknadskrefter.

DYREVELFERD

Frisk fisk og dyrevelferd står høgt i fokus hos Lingalaks og det jobbast heile tida med forbetringar som kan sikre dette. Det er prioritert å jobbe i forkant med effekt av vaksinar mot sjukdom og førebyggjande tiltak mot lus for å sikre ein robust, sunn og frisk fisk.

Pasteurella er ein bakterie selskapet har fått erfare kan gje store utfordringar for helse og velferd, både på laks og rognkjeks (reinsefisk).

I selskapet si lusestrategi har ein satt særleg fokus på bekjemping av reinsefisk og skjørt på nøtene. Med førebyggjande tiltak, har dei klart å halde lusetala og smittepresset nede gjennom heile året.

Lingalaks jobbar systematisk med ei tiltaks-grense som er lågare enn dei lovpålagte grensa, for å redusere potensiell lusesmitte og unngå at smittepresset bli for stort. Lusestrategien til selskapet er å holde seg under 0,1 kjønnsmoden holus og å oppnå vekst uavhengig av farge i Trafikklyssystemet. Ein har klart å holde seg innanfor strategien på lokalitetane i Hardanger og har kvalifisert til vekst i PO3.

Selskapet gjennomfører kvar veke vurderingar av velferd ved luseteljing for å følgje utviklinga. Erfaringar med dette skal mellom anna kunne nyttast til å hjelpe i vurderinga av helse og velferd i forkant av handteringar og planlegging av slakting.

I 2020 behandla selskapet totalt 146 einingar med ikkje-medikamentell metode, kor det mest vart nytta termisk avlusing (behandling med varmt vatten) med Optilicer. Selskapet har som mål å redusere bruk av medikamentar og nyttar berre ein medikamentell behandling per generasjon.

UTVIKLINGSPROSJEKT OG TEKNOLOGIUTVIKLING

Lingalaks er involvert ein rekkje FoU-prosjekt innan utvikling av selskap og næring, mellom anna:

- Utvikling av semilukket betongbasseng i sjø med konseptet Stadionlaks
- Testprosjekt avslutta 2019 med oppsamling av slam frå merd som ressurs, med mål om kunnskapsetablering
- Landstraumprosjekt. Målet er at alt skal vere knytt til landstraum innan 2021
- Overgang til sterkare nøter som er meir robust og reduserer vedlikehald
- Fôrar fisk med algeolje på alle lokalitetar, nettoproducent på ein lokalitet
- Digitaliserings- og automatiseringsprosjekt, integrasjon av data og sensorar vil ha positiv effekt på miljø
- Er medeier i Ænes Inkubator, et nytt postsmoltanlegg under oppføring i Hardanger



FÔR – DET VIKTIGASTE

Lingalaks nyttar Salmon Group sin fôrresept og utforskar også andre ingrediensar og innsatsfaktorar i fisken si diett. Fôret veljast med stor omhug for å sikre dyrevelferd, lågast mogleg miljøbelastning og høgast mogleg kvalitet på fisken som møter marknaden.

- Har i 2020 eit totalt forbruk av fôr på 14 400 tonn
- Har ein økonomisk fôrfaktor (eFCR) på 1,27. Dette inneber at det i snitt går med 1,27 kg fôr per slakta kilo fisk, noko som er lågt dersom ein samanliknar med produksjon av all anna proteinholdig matproduksjon
- 88 % av karbonfotavtrykket i produksjonen av laks tillegges fôret
- Sørger for at fisken har eit godt vekstmiljø og er sunn og frisk
- Produserar laks med høgt protein- og næringsinnhald som gir eit godt sluttprodukt for bevisste kundar



Samfunn

Lingalaks er ein viktig lokal arbeidsgjevar som i 2020 produserte 46,5 årsverk. Av desse har 44 faste stillingar, medan 10 er midlertidig tilsett.

Selskapet har ein fordeling av kjønn på 9 kvinner og 35 menn, og har som strategi å utjamne kjønnsbalansen. Verksemda knytt og til seg ein del sommar- og helgevikarar, og til saman har 73 personar utført arbeid i 2020. Dei tilsette er i all hovudsak busett i nærmiljøa, med 60 tilsette busett i verksemda sine produksjonskommunar, medan 13 pendlar frå andre kommunar.

Selskapet skapar direkte verdiar til samfunnet gjennom å produsere varer, tenester og arbeidsplassar, og også skattar og avgifter er direkte bidrag til fellesskapet. Verksemda skapar og aktivitet og inntekter for lokale leverandørar.

Totalt bidreg Lingalaks med NOK 109,8 millionar til verdiskaping i Noreg. Samla

bidreg Lingalaks med NOK 15,4 millionar i skatteinntekter i 2020. Berekninga er gjort av NHO og er basert på tal verksemdar sjølv registrerer.

ARBEIDSPLASSEN, ETIKK OG ANTI-KORRUPSJONSARBEID

Lingalaks legg stor vekt på arbeidsmiljøet og dei tilsette si helse, velferd og utvikling. Verksemda har etablert gode ordningar for dei tilsette som tar hand om behov innanfor HR-ansvaret, kompetanseheving og involvering. Det vert arrangert ei rekkje sosiale aktivitetar for dei tilsette gjennom året.

Alle eigarar, styremedlemmer og tilsette i Lingalaks er underlagt verksemda sine etiske retningslinjer for korleis ein unngår korrupsjon, bestikking og gråsoneproblematikk. Dette er også regulert gjennom Global G.A.P.



MILJØ OG NÆRMILJØ

Lingalaks har ei aktiv tilnærming til lokal-samfunnet og bidreg til vekst og utvikling både lokalt og regionalt. Verksemda har, som nedfelt i si strategi, og etablert ei sunn relasjon til media både lokalt og regionalt samt til byråkratar og politikare i dei kommunane der dei er representert. Lingalaks er ein aktiv bidragsytar i ulike fora og fremmer dialog og samarbeid som grunnleggande verktøy for felles utvikling. Verksemda sine eige verdiar – ærleg, kvalitet, framtidsretta – er integrerte verdiar i alt Lingalaks driv med.

Lingalaks er ein viktig støttespelar til lokale arrangement, lag og organisasjonar, og bidreg mellom anna med økonomisk stønad til lokale idrettsarrangement, idrettslag, turlag, idrettsutøvarar og kulturelle arrangement. Lingalaks sitt bidrag for 2020 var NOK 650,000.

Verksemda arrangerer årleg strandryddedag der alle tilsette deltek, og har problematikk

relatert til forsøpling i havet og i kystsona høgt på agendaen i sin kvardag. Lingalaks stiller og med utstyr og båtar til disposisjon for strandryddeaksjonar som vert arrangert av andre.

Lingalaks har to visningsanlegg, i Hardanger og på Radøy, der dei aktivt deltek med å formidle sakleg og faktaorientert informasjon om havbruk og oppdrett, og med særleg fokus på korleis ein må gjere endringar i produksjonen og tilnærminga til utfordringar for å oppnå eit meir berekraftig havbruk.

Verksemda deltek i fleire miljøfremjande fora for samarbeid, som Oppdrettsnæringens sammenslutning for utfisking av rømt oppdrettsfisk (OURO), Miljøovervaking Hordaland (MOH), Stiftelsen Norsk Villaksforvaltning og Salmon Tracking Hardangerfjorden. Lingalaks vart i 2019, som einaste havbruksaktør, ein av hovudsamarbeidspartnarane til Bergen Næringsråd.

Økonomi

Den økonomiske pilaren er moglevis den mest kjente, men likevel og den viktigaste pilaren i berekraftmodellen, då den finansielle muskelen er ein føresetnad for å levera på dei strategiske utfordringar relatert til miljø- og samfunn.

Lingalaks har dei siste åtte åra oppnådd gode økonomiske resultat. Som ein konsekvens av auka produksjonskostnader i selskapet og i næringa generelt, synar verksemda dei siste fire åra ei fallande resultatgrad.

Det vert arbeidd systematisk og målretta for å betre konkurranseevna gjennom reduserte produksjonskostnader per kilo produsert fisk. Verksemda har eit sterkt og langsiktig fokus på kvalitet og dokumentasjon av eit berekraftig kvalitetsprodukt som med tid vil auke i marknadsverdi.

Kvart år investerer verksemda i ny teknologi og sørger for å effektivisere arbeidsoperasjonar på ein måte som sikrar utvikling av verksemda og næringa. Samstundes vert både fisken og menneska tatt hand om på beste måte, saman med omsyn til miljøet og fokus på å minimere miljøpåverknaden.

Eigar av Lingalaks har gjennom sitt holdingselskap, Rolv Haugarvoll AS, reinvestert i anna aktivitet i næringa, som slakteri og smoltanlegg i eiga region. Dette leder igjen til auka sysselsetjing og verdiskaping i næringa og i regionen. Det vises elles til selskapet si årsrapport og styret si beretning for regneskapsåret 2020.



RESPEKT FOR HAVET, MENNESKA OG MILJØET

I samsvar med Lingalaks sine etablerte strategiar, forpliktar selskapet seg til å gjere det som krevst for å drive på ein måte som forvaltar Jorda sine ressursar på ein ansvarleg måte. Lingalaks tar eit etisk og samfunnsmessig ansvar ved å vere open og transparent, og stillar strenge krav til eigen verksemd og næringa som heilskap.

Gjennom etablerte prosedyrer og retningslinjer plikter selskapet seg til å:

- Produsere mat på ein måte som sikrar matsikkerheit og mattryggleik til ei aukande verdsbefolkning
- Produsere kunnskapsbasert og kontinuerleg søke dei smartaste løysingane
- Produsere nøyaktig, effektivt og nytta ny teknologi som bidreg til å utvikle næringa
- Verdsette mennesker, sikre god inkludering og behandle dem med respekt
- Verdsette det marine miljøet og behandle livet i havet og kystsona med respekt
- Alltid ha fiskevelferd øvst på agendaen
- Bidra til å fremje gode, berekraftige løysingar



Avslutning

Denne statusrapporten er laga på bakgrunn av Salmon Group sin forstudie *Bærekraftig oppdrett av laks og ørret – Hva er det?* (2018). Målet med statusrapporten er å presentere indikatorar basert på enkle, målbare og samanliknbare kriterier for å måle berekraft. Statusrapporten dokumenterer tilstand, endring og progresjon i det systematiske arbeidet som verksemda gjer for å drive oppdrett på ein meir berekraftig måte.

Status blir presentert som indikatorar innan dei tre hovudsegmenta miljø, samfunn og økonomi, og speglar dei faktiske, dokumenterte forholda ut frå gitte kriterier beskrivne i rapporten si utgreiing av metode og omfang.



Med bakgrunn i Salmon Group sitt forprosjekt har ein i samarbeid med eksterne spesialistar gjort ei nøye vurdering og utveljing av kriterier som til saman definerer indikatorane. Kriteria

er skalerbare i den forstand at all ny forskning eller funn som ikkje er tatt med i dette arbeidet, vil kunne implementerast for å styrke den nytta metoden.

Med tanke på at næringa er relativt ung og at tilgjengeleg kunnskap for forvaltning og næring ikkje dekker alle område, er det naturleg å anse dette arbeidet som modellerbart, og med ei haldning om at ny kunnskap som supplerer teori og metode, blir ynskt velkommen. Hensikta er å ha reine, forståelege og samanliknbare kriterier som kan nyttast til å måle og samanlikne dokumenterbare høve. Resultatet indikerer korleis selskapet presterer, og skapar grunnlag for samanlikning år for år. Ved å nytte den same metoden over lang tid kan ein arbeide meir konkret med endringar i samsvar med selskapet sin strategi.



SALMON
GROUP

salmongroup.no
  /salmongroup